I det vi viser til sjølve revisjonsrapporten og vedlegga til denne, henviser vi spesielt til dei *konklusjonar* som går fram av *samandraget* på side 1, og dei *anbefalingar* vi har teke inn i rapporten side 3; - jamfør her også den tilbakemelding og dei tiltak som er skissert i brev av 13.01.14 frå Rådmannen til revisjonen.

Det er rekna med at denne saka kjem på sakskartet i Kontrollutvalet med det første, og at saka blir drøfta i administrasjonen i kommunen og føretaka, og at saka blir førelagt dei politiske styringsorgana, med siktemål å få etablert ein god og betre praksis på korleis det vedtekne godtgjerdslerelementet skal praktiseraast og etterlevast i Flora kommune og dei kommunale føretaka framover.

Vi er takksame for den hjelp og bistand, og den gode dialogen og kommunikasjonen, som har vore mellom revisjonen og administrasjonen i kommunen/føretaka kring arbeidet med dette kontrollprosjektet. Vi er sikre på at alle er innstilte på å få til ei kvalitetssikring/-heving av rutiner på mange felt. Denne undersøkinga frå vår side viser at det er mykje god praksis i kommunen, men at det kan vere behov for ei oppfrisking og presisering av regelverket på enkeltområder.

Revisjonen vil kunne vere budde på å vere til stades under realitetshansminga av denne saka i Kontrollutvalet.

Originalrapporten vert overlevert SEKOM i papirversjon også. Dei andre får den oversendt kun i elektronisk form, som filvedlegg i e-post her.

Vi håper det er ein OK måte å gjere dette på.

Vi viser til dei to filvedlegga her, vedlagt; rapporten og vedlegg til rapporten.

Er det spørsmål til rapportinnhaldet, kan De ta kontakt med underteikna, (tlf. 57 75 60 97 (Flora-kontoret), evt. mobil: 99 22 92 27),

eller *Kommunerevisor I, Trine Vokuhl*, ved Flora-kontoret, (tlf. 57 75 60 96, evt. mobil: 91 74 20 35).

Mvh

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no



Kontrollutvalet i Flora kommune
v/SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Kopi: Rådmannen og Ordføreren i Flora
Flora Hamn KF
Flora Innvandrarsenter KF
Flora kommune Havhesten KF
Flora Kjøkkenservice KF

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	//revrappgodtgjering14/tf	083/216	006 / 2014	17. jan. 2014

REVISJONSRAPPORT – GODTGJERING FOLKEVALDE I FLORA KOMMUNE - PRAKTISERING AV GODTGJERDSLERELEMENTET I KOMMUNEN OG FØRETAKA

Samandrag:

Rutiner kring praktiseringa av reglementet for godtgjeringar til folkevalde i Flora kommune og dei kommunale føretaka bør gjennomgåast og innskjerpast både for det som gjeld

- innsending av reiserekningar/krav om dekning av tapt arbeidsinntekt
- etterleving av dokumentasjonskrava som er stilt til legitimert sats for økonomisk kompensasjon for tapt arbeidsinntekt
- kva den faste møtegodtgjerdsla til utvalsleiarar og andre skal dekke
- korleis folkevalde sine førebuande møter med administrasjonen utanom ordinære møter i faste utval, etc., skal godtgjerast

For om mogleg å rydde unna ulik praksis framover bør problemstillingane kanskje leggst fram for Flora Bystyre, som må ta stilling til korleis dei ulike punkt i reglementet skal forståast og praktiserast.

Innleiing:

Den 08.12.2010 avla kommunerevisjonen ein eigen revisjonsrapport kring praktiseringa av Flora kommune sitt godtgjerdsreglement for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune. Den rapporten vart sendt til kommunen sitt kontrollutvalet, og vart handsama av kontrollutvalet våren 2011, med seinare sak til Flora Bystyre. Bystyret vedtok eit nytt reglement den 12. juni 2012, sak 103/2012, der det vart vedteke eit nytt «Godtgjerdsregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune», gjeldande frå 01.05.2012.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

Revisjonen har føreteke ein etterkontroll av dette saksfeltet i 2012 og 2013. Den 13.11.2013 sende revisjonen brev til dagleg leiar i dei kommunale føretaka. Tilsvarande brev vart også sendt til Rådmannen. Svarfristen vart sett til 02.12.2013. Dei kommunale føretaka svar stort sett innan fristen, og den 13.01.14 ligg det føre tilbakemelding frå Rådmannen. Breva er vedlegg til denne rapport.

Fakta grunnlaget:

Fast årleg møtegodtgjerdsla, dekning av tapt arbeidsinntekt, legitimert sats:

Gjennom det løpande revisjonsarbeidet kring løn og oppgavepliktige godtgjeringar i 2012 og 2013 innafor Flora kommune og dei kommunale føretaka, har revisjonen konstatert at det tidvis vert utvist ulik praksis i høve korleis praktiseringa av det vedtekne reglement skjer. Dette gjeld bl.a. godtgjering til styreleiar/utvalsleiar for det som gjeld kva den årlege faste møtegodtgjerdsla skal dekke, og kva/korleis dekning av legitimert sats for tapt arbeidsinntekt og møtegodtgjerdsla elles vert praktisert frå kommunen og dei kommunale føretak si side.

I gjeldande reglement heiter det («Tapt Arbeidsinntekt», pkt. 4.1) «*Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gjeve etter satsen for ulegitimert tap. Det er i alle høve ein føresentad at det ligg føre eit økonomisk tap.*»

Det er konstatert at einskilde legg fram ei stadfesting om timeløn og dagløn frå sin private rekneskapsførar eller arbeidsgjevar, utan at det ligg føre ein konkret dokumentasjon på trekk av løn for den tida det vert kravd økonomisk kompensasjon frå kommunen. Slik stadfesting om timeløn/dagløn vert nytta som dokumentasjon i høve fakturering av timepris/dagpris for tapt arbeidsforteneste, for legitimert sats, for ulike avvikla møter og andre oppdrag. Slik revisjonen vurderer det, ligg det såleis ikkje føre fullgod/tilfredsstillande utgiftsdokumentasjon slik ordlyden i pkt 4.1. stiller krav om; - jamfør her likevel det som er nemnt i reglementet pkt. 4.6. Det er konstatert ulik praksis her; også kva som blir sendt krav om frå den einskilde folkevalde. Det som måtte vere berettiga frå ein folkevald, men som det ikkje er sendt inn krav om, er sjølvsagt ikkje vurdert i denne samanheng. Vi henviser her til møteprotokollane og kven som møter og som evt ikkje sender inn denne type krav.

Dokumenterte trekk i løn hos arbeidsgjevar:

For dei som legg fram dokumentasjon frå arbeidsgjevar vedr. trekk i løn, får i all hovudsak godtgjort dette i tråd med reglementet, og opp imot makssatsen som Flora Bystyre har bestemt (legitimert sats). Normalt er det slik at dei som ikkje legg fram dokumentert tap av inntekt, får godtgjort ulegitimert sats, eller forholdsmessig avrekna ut frå møtelengde, og i tråd med ordlyden i reglementet.

Tidsriktig innsending av krav/reiserkeningar, m.v.:

Eit anna forhold er at det opplevast som eit problem at einskilde folkevalde ikkje sender inn krav om dekning av reiseutgifter og dekning av tapt arbeidsinntekt, m.v., *til rett tid*. Det er konstatert at einskilde leverer inn reiserkeningar og krav om dekning av tapt arbeidsinntekt, legitimert eller ulegitimert, for ulike avvikla møter/reiseverksemd *veldig seint* i høve til kva tid møtet/reiseverksemda har funne

stad. Dagens gjeldande reglement seier at «*krav om dekking av reiseutgifter skal sendast den som representerer rådmannen i utvalet innan 3 månader etter at møtet er halde.*»

Innskjerping av praksis, tidsriktig innsending, attestasjonsmynde/tilvvising, m.v.:

Revisjonen vurderer det slik at det er behov for ei innskjerping av praksis kring dette punktet; eventuelt at reglementet vert justert/endra. Det er revisjonen si oppfatning at den som har attestasjonsmynde og tilvisingsmynde bør vere strengar på dette og følgje dei retningslinjer som Bystyret har trekt opp i reglementet. Slik revisjonen ser det er det i alle fall nødvendig med ei oppfrisking av dette regelverket. Det vert vist til at Rådmannen her har antyda eit informasjonsskriv ut til dei folkevalde om dette. Det er opplyst at også tilvisande (dei som sit med tilvisingsmynde) og lønsavdelinga oppleve denne type krav (seint innleverte reiserekningar/krav om dekning av tapt arbeidsinntekt, mv.- «forelda» etter reglementet) som ei utfordring. Det er vår oppfatning at i all hovudsak er det blitt slik at seint innleverte krav/rekningar blir attesterte, tilviste og honorerte, sjølv om reglementet, etter revisjonen si oppfatning, seier at slike skulle vore avviste. Det bør vere enkelt og få gjort noko med dette.

Andre møter, førebuande møter, o.l. med administrasjonen:

Det er også konstatert at det frå einskilde blir sendt krav om dekning av tapt arbeidsinntekt for førebuande møter, der den folkevalde/ utvalsleiar, e.l., har møter med administrasjonen, utanfor eit ordinært møte etter møteplan for respektive utval/komitè. Det er stilt spørsmål om det skal ytast kompensasjon for denne type aktivitet/arbeid frå den folkevalde si side i slike høve og kven som eventuelt skal ha rett til dekning av tapt arbeidsforteneste/ økonomisk kompensasjon for slike møter. Slik revisjonen ser det er dette ikkje regulert i dagens gjeldande reglement.

Når det gjeld møtegodtgjerdse så heiter det i 2. avsnitt, pkt. 3.4, at «*møte mellom administrative representantar og folkevald(e) i faste utval og underutval til desse utløyser ikkje møtegodtgjerdse.*» Dagens reglement har ikkje tilsvarende bestemmelse under punktet for dekning av tapt arbeidsinntekt, legitimert eller ulegitimert. Revisjonen si oppfatning er at dersom det ikkje vert ytte møtegodtgjerdse for denne type møter, så er det analogt tolka at då skal det heller ikkje reglementet nyttast når det gjeld dekning av tapt arbeidsinntekt for slik aktivitet. Det er konstatert at denne type krav er kome til kommunen og honorert på ordinært vis på lik linje med dekning for ordinære møter i utvala elles. Det er vår oppfatning at dei usikre oppfatningar som er kring korleis reglementet skal forståast og tolkast, bør leggst fram for dei politiske styringsorgana (Flora Bystyre) som må ta stilling til korleis dei reiste problemstillingane skal handterast i praksis.

Anbefalingar:

Rådmannen har i sitt tilsvar tilbake til revisjonen gjeve tilbakemelding om at han ser behov for å presisere ordlyden i godtgjerdslreglementet for kva som er meint å dekke/ikkje dekke i den faste møtegodtgjerdsla for hovudutvalsleiarar og leiarar av andre utval. Rådmannen skriv også at det vil bli sendt ut eit eige informasjonsskriv til dei folkevalde kring innskjerping av fristane for innsending av reiserekningar og krav om dekning av tapt arbeidsinntekt.

Rådmannen seier også at det vil bli fremma ei sak til politiske styringsorgan, der dei nemnde problemstillingar blir førelagt Flora Bystyre, som må ta stilling til korleis reglementet skal forståast og korleis praksis skal vere.

Kommunerevisjonen vil anbefale at ein ser på den praksis som har vore sidan forrige gong godtgjerdslereualtivet vart endra i 2012, og at ein gjennomfører dei tiltak som rådmannen skisserer i brev av 13.01.14 til KRYSS Revisjon.

Det er også revisjonen si anbefaling at tilvisar bør skjerpe rutiner for kva som blir sleppt igjennom i attestasjons- og tilvisingsrutinene før rekningane kjem til registrering og utbetaling i lønsrutinene i kommunen.

Korrespondanse, vedlegg til rapporten:

Brevet frå revisjonen, d. 13.11.13, til rådmannen og dagleg leiar i dei kommunale føretaka, samt e-post-korrespondansen, og svarbrev følger med som vedlegg til denne rapport. For heilskapen si skuld har ein også valgt å legge ved ein kopi av revisjonsrapporten frå 2010 (d. 08.12.10) som viser dei problemstillingane som vart tekne opp den gongen. Vi legg også ved bystyresak 103/12 av 12.06.12, og det vedtekne og gjeldande godtgjerdsreglement i Flora kommune (gjeldande frå 01.05.2012).

Florø, 17. januar 2014

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 421, 6801 Førde

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef



VEDLEGG:

KRYSS Revisjon sitt brev av 13.11.13 m/e-post-korrespondanse
Svarbrev frå Flora Hamn KF, v/konst. Hamnesjef, d. 27.11.13
Svarbrev frå Flora Innvandrarsenter KF, v/dagleg leiar, d. 15.11.13
Flora kommune Havhesten KF, v/dagleg leiar, d. 10.12.13
Flora Kjøkkenservice KF, v/dagleg leiar, d. 25.11.13
Svarbrev frå Rådmannen i Flora kommune, d. 13.01.14
Byst-sak 103/12, m/ Godtgjerdsregulative for ombuds- og tillitsvalde i Flora kommune
Revisjonsrapport av 08.12.2010, «Møtegodtgjerdsle/dekning av tapt arbeidsforteneste folkevalde»

**09/14 SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 78631
ASFALTERING 2011**

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
Dato: 22.01.2014.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet Formannskap	29.01.2014 -	09/14 -	- -	Nei Ja

Saksvedlegg:

Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 15.01.2014.

Sak 05/14 i prosjektkomiteen 8.01.2014

Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 1.11.2013.

Sluttrapport prosjekt 78631 Asfaltering 2011, datert 18.06.2013.

Byggerekneskap datert 26.03.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova .

Økonomireglement for Flora kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 15.01.2014.

Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet sin uttale til Formannskapet :

Saksutgreiing

SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 78631 ASFALTERING 2011

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 78631 Asfaltering 2011. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 15.01.2014.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 2.194.704,88. Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr 2.194.704,88. Prosjektet er såleis i balanse i høve til budsjettet. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Revisjonsuttalane stadfestar taldelen i sluttrekneskapen.

Formannskapet gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker inntil kr 3.000.000,-, jfr. reglement for Flora kommune.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

Flora Bystyre
v/Ordførar
6900 Florø

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/flora/prosjektrek/2014/prosjekt78631

Arkivkode:

212Q04

Journalnr.:

004/2014

Dokumentdato:

15.01.2014

REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 78631 – ASFALTERING 2011.

Rekneskapen for ovannemnde prosjekt nr 78631 – *asfaltering 2011* har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Bystyre i vurderinga av riktigheita av økonomien i *prosjekt nr 78631 – asfaltering 2011*.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 78631 – asfaltering 2011* som viser ein totalkostnad på Kr 2 194 704,88. Den vedtekne budsjetttramma for prosjektet utgjer kr 2 194 704,88. Prosjektet er såleis gjort opp i balanse i høve budsjett.

Prosjektkomiteen har gjort si tilråding til disponering i PRKO -005/14. Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Bystyre tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-005/14.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Bystyre sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten .

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for *prosjekt nr 78631 – asfaltering 2011* vil bli innstilt så snart Flora Bystyre sitt vedtak i saka er effektivert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Flora 15.01.2014

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl

Kommunerevisor I

Vedlegg:Utskrift av rekneskap

Sluttrapport

PRKO-005/14

Førebels revisjonsuttale 01.11.2013

Kopi: Kontrollutvalet

Rådmannen

regnskapssjef Ruth S.Sunde

Controller Berit Seljeseth Osa



Saksgang
Prosjektkomiteen
Prosjektkomiteen

Møtedato
11.12.2013
08.01.2014

Saksnr
038/13
005/14

Sakshandsamar:
Hanne A. Morotaie

Arkiv: K2-Q04
Objekt:

Arkivsaknr
11/573

SLUTTRAPPORT PROSJEKT 78631 - ASFALTERING 2011

Kva saka gjeld:

Asfaltering i Flora kommune 2011

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

08.01.2014 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PRKO-005/14 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

Det vart i budsjett og handlingsprogram for 2011 avsett kr.2 000 000,- til asfaltering.

Følgjande vedtak vart gjort i Utbyggingsutvalet sak 018/11 den 06.04.2011:

Asfaltering vert å utføre innan ei kostnadsramme på kr.2 000 000,- på fylgjande vegar i prioritert rekke følgje:

Reasfaltering:

- Veg til Botnaneset
- Bjørndalsvegen (Botnaholten nord)
- Svanheimsvegen

Grusvegar:

- Auklandsvegen 6A – 6 B
- Vågastubben
- Gaddevegen 12B og C
- Kyrkje vegen vest
- Barekstad – Hovden (asfaltering kr. 500 000,-)
- Standal (asfaltering kr. 200 000,-)
- Steindalen (asfaltering kr. 200 000,-)

For å sikre stor deltaking og god konkurranse vart det for prosjekt 78631 – Asfaltering 2011 valt open anbodskonkurranse med kunngjøring i Doffin-basen 06.05.2011.

Vurdering:

Ved innleveringsfrist 06.06.2011 var det kome inn to tilbod:

- NCC Roalds AS, Bergen
- Veidekke Industri AS, Førde

Anbudsopning vart gjort 06.06.2011 kl.14.00. opninga vart gjort av Kjell Ove Yri frå iVest Consult og Willy Stenbakk frå Flora kommune.

Anboda vart kontrollert og tilfredstilte alle krav som vart sett i anbudsdocumenta.

Veidekke Industri AS, Førde hadde det mest fordelaktige tilbodet, og vart i prosjektkomiteen sak 018/11 den 23.06.2011 tildelt entreprise på asfaltering 2011.

Prosjektet vart ferdigstilt i 2011.

Økonomiske konsekvensar:

Det vart i investeringsbudsjettet for 2011 avsett kr.2 000 000,- til asfaltering 2011.

I Bystyret sak 031/12 den 13.03.2012 vart mindreforbruk frå prosjekt 78606 asfaltering på kr.5 835,28 overført til prosjekt 78631 – Asfaltering 2011.

I Bystyret sak 108/12 den 12.06.2012 som gjaldt rebudsjettering unytta lånemidlar vart kr.188 870 overført til prosjekt 78631 – Asfaltering 2011.

For prosjekt 78631 – Asfaltering 2011 var godkjent budsjett kr.2 194 705,- og dei totale kostnadane på prosjektet var på kr.2 194 705,-.

Prosjektet er såleis gjort opp i balanse i forhold til budsjettet.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
5	I	26.03.2013	ØKONOMISTAB	Byggerekneskap for Asfaltering 2011	
7	I	01.11.2013	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/-rekneskap for prosjekt 78631 Asfaltering 2011	

Flora Kommune
Prosjektkomiteen
v/Reidulf Refsnes
6900 Florø

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/trine/flora/prosjekt/førebels78631

Arkivkode:

212Q04

Journalnr.:

098/2013

Dokumentdato:

01.11.2013

**FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR
PROSJEKT 78631 ASFALTERING 2011.**

Det ligg føre sluttrekneskap for ovannemnde prosjekt for perioden 2011
Det ligg føre slutttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d. 18.06.2013

Saka er oversendt revisjonen for førebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 78631 asfaltering 2011* som viser ein total kostnad på Kr 2 194 704,88. Godkjent budsjett for prosjekt nr 78631 *asfaltering 2011* er på kr 2 194 705,-. Prosjektet er såleis gjort opp i balanse i forhold til budsjett.


Vi har stadfesta taldelen i slutttrapporteringa ved vår påteikning i dag, og har ingen ytterlegare kommentarar til den sluttrekneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming, slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til rekneskapsaka. Vi viser ellers til dokument som følgjer saka.

6900 Florø den 01.11.2013

Med helsing



Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Utskrift av rekneskap

Slutttrapport

Politiske vedtak i sak: prosjekt

Kopi:

Rådmannen

Økonomisjef

Prosjektleder

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no**Hovudkontor/regionskontor for kommunane:**

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no**Regionskontor for kommunane:**

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no



Kryssrevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord
Strandgata 43

6900 FLORØ

Vår ref.
11/573-6/K2-Q04//HAFL

Dykkar ref.


Dato:
Florø: 18.06.2013


SLUTTRAPPORT - PROSJEKT 78631 ASFALTERING 2011

Vedlagt følger sluttrapport og sluttrekneskap på nemnte prosjekt.

Sluttrapport og sluttrekneskap skal med Dykkar uttale vidare til politisk handsaming.

Med helsing


Reidulf Refsnes
Tenesteleiar


Hanne A. Morotaie
Sekretær

Vedlegg: Sluttrapport og sluttrekneskap.

 FLORA KOMMUNE	Mal					
	Sluttrapport					
	Dok.	nr.	rev.	Godkjent dato	Godkjent (sign.)	Merknader
	M -	003	-01	01.01.05		Til godkjenning

Prosjekt navn: Asfaltering 2011	Nr:78631
--	-----------------

Politiske vedtak

Plan og Miljøutval/Plankomité:
Prosjektkomité: sak 018/11 den 23.06.2011
Formannskap:
Bystyre: sak 031/12 den 13.03.2012 og sak 108/12 den 12.06.2012

Historikk / Ettervurderingar:

(Avvik og erfaringar i forhold til planer, framdrift, økonomi, kvalitet etc.) Ev. på eige vedlegg.

Saka gjeld:

Asfaltering i Flora kommune 2011

Innleiing:

Det vart i budsjett og handlingsprogram for 2011 avsett kr.2 000 000,- til asfaltering.

Følgjande vedtak vart gjort i Utbyggingsutvalet sak 018/11 den 06.04.2011:

Asfaltering vert å utføre innan ei kostnadsramme på kr.2 000 000,- på fylgjande vegar i prioritert rekke følgje:

Reasfaltering:

- Veg til Botnaneset
- Bjørndalsvegen (Botnaholten nord)
- Svanheimsvegen

Grusvegar:

- Auklandsvegen 6A – 6 B
- Vågastubben
- Gaddevegen 12B og C
- Kyrkje vegen vest
- Barekstad – Hovden (asfaltering kr. 500 000,-)
- Standal (asfaltering kr. 200 000,-)
- Steindalen (asfaltering kr. 200 000,-)

For å sikre stor deltaking og god konkurranse vart det for prosjekt 78631 – Asfaltering 2011 valt open anbuds konkurranse med kunngjøring i Doffin-basen 06.05.2011.

Ved innleveringsfrist 06.06.2011 var det kome inn to tilbod:

- NCC Roalds AS, Bergen
- Veidekke Industri AS, Førde

Anbudsopning vart gjort 06.06.2011 kl.14.00. opninga vart gjort av Kjell Ove Yri frå iVest Consult og Willy Stenbakk frå Flora kommune.



Anboda vart kontrollert og tilfredstilte alle krav som vart sett i anbodsdokumenta.

Veidekke Industri AS, Førde hadde det mest fordelaktige tilbodet, og vart i prosjektkomiteen sak 018/11 den 23.06.2011 tildelt entreprise på asfaltering 2011.

Prosjektet vart ferdigstilt i 2011.

Økonomi:

Det vart i investeringsbudsjettet for 2011 avsett kr.2 000 000,- til asfaltering 2011.

I Bystyret sak 031/12 den 13.03.2012 vart mindreforbruk frå prosjekt 78606 asfaltering på kr.5 835,28 overført til prosjekt 78631 – Asfaltering 2011.

I Bystyret sak 108/12 den 12.06.2012 som gjaldt rebudsjettering unytta lånemidlar vart kr.188 870 overført til prosjekt 78631 – Asfaltering 2011.

Prosjekt 78631 – Asfaltering 2011 hadde såleis eit samla budsjett på kr.2 194 705,-

Økonomi:

Vedtatt ramme:	Kr.2 194 705,-	Bystyre sak
Kalkyle etter anbudsrunde:		
Eventuelt justert ramme:		Bystyre sak:
Endelige tot. Kostnader:	Kr.2 194 705,-	
Avvik (- +)	Kr.0,-	
Eventuell Oppfinansiering:		Bystyre sak:

Dato: 18.06.2013	Dato:
Sign: <i>Ridolf Rime</i> Avdelingsleder	Sign: _____ Prosjektleder

Vedlegg: Rapport – Ettervurdering/Evaluering av prosjekt.(Se egen mal M-004)

11/573-5

SIGS

Byggerekneskap for: Asfaltering 2011
 Prosjekt nr. 78631
 År: 2011-2012

Spesifikasjon utgifter / inntekter:

Kostnadsart:	Ar 2011	Ar 2012	Til saman:	Budsjett
Utgifter:				
120 Anna forbruksmateriell	12 036,00		12 036,00	
210 Leige kjøp av transportmidlar	6 000,00		6 000,00	
230 Byggtenester	1 900 978,33		1 900 978,33	2 194 705
270 Konsulenttenester	6 400,00		6 400,00	
290 Interne overføringer	-80 000,00		-80 000,00	
429 MVA-vederlag anskaffelser	322 501,87		322 501,87	
500 Renter	26 788,68		26 788,68	
Sum utgifter	2 194 704,88	-	2 194 704,88	2 194 705
Inntekter:				
700 Refusjon frå andre			0,00	
830 Overføring frå fylke			0,00	
Sum inntekter	-	-	-	-
Netto utgift	2 194 704,88	0,00	2 194 704,88	2 194 705
Netto innsparing/meirforbruk i høve til budsjett				0

Finansiering

Ar	Rekneskap Netto utgift	Finansiering		
		Bundne fond	Likv.reserve	Lån
2011	2 194 704,88			2194705
2012	0,00			
Sum	2 194 704,88	-	-	2194705
Netto innsparing/meirforbruk				0

Løyvingar		
Investeringsbudsjett 2011	Lån	2 000 000
Byst-031/2012	Lån	5 835
Byst-108/12	Lån	188 870
Sum		2 194 705

FLORA KOMMUNE
 Økonomiavdelinga, 26.03.2013

Ruth Svortevik Sunde
 rekneskapsjef

Flora l.u. 2013
 Anne Vokul
 KONTROLLER
 YTRER SIDEN 001 2013



1 FLORA KOMMUNE (2013) - År/Periode 2013 1 - 98

26.03.2013

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013	Regnskap 2012	Buds(end) 2012	Regnskap 2011	Buds(end) 2011
Prosjekt: 78631 Asfaltering 2011						
31201 ANNA FORBRUKSMATAERIELL	0,00	0,00	0,00	0,00	12.036,00	0
32101 LEIGE, KJØP AV TRANSPORTMIDLAR	0,00	0,00	0,00	0,00	6.000,00	0
32301 BYGGETENESTER	0,00	0,00	0,00	0,00	41.154,54	0
32308 Kjøp entreprenørtjenester	0,00	0,00	0,00	0,00	651.660,02	0
32310 TOTALENTREPRISE	0,00	0,00	0,00	194.705,16	1.180.970,70	2.000.000
32320 VEDLIKEHALD	0,00	0,00	0,00	0,00	14.800,00	0
32505 KJØP AV GRUS	0,00	0,00	0,00	0,00	12.393,07	0
32701 KONSULENTTENESTER	0,00	0,00	0,00	0,00	6.400,00	0
32901 INTERNE OVERFØRINGER, INTERNKJØP	0,00	0,00	0,00	0,00	-80.000,00	0
34291 MVA PÅ VEDERLAG,MVA-PLIKTIGE ANSAFFELSER	0,00	0,00	0,00	0,00	322.501,87	0
35002 BYGGELÅNSRENTER	0,00	0,00	0,00	0,00	26.788,68	0
Sum utgifter	0,00	0,00	0,00	194.705,16	2.194.704,88	2.000.000
39101 BRUK AV LÅN	0,00	0,00	0,00	-194.705,16	-2.194.704,88	-2.000.000
Sum inntekter	0,00	0,00	0,00	-194.705,16	-2.194.704,88	-2.000.000
Sum prosjekt: 78631 Asfaltering 2011	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0
TOTALT	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0

**10/14 SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 79544
RESIPIENTUNDERSØKELSE FOR FLORØ OG BRANDSØY**

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
Dato: 22.01.2014.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet Formannskap	29.01.2014 -	10/14 -	- -	Nei Ja

Saksvedlegg:

Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 15.01.2014.

Sak 06/14 i prosjektkomiteen 8.01.2014

Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 6.11.2013.

Sluttrapport prosjekt 79544 Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy, datert 18.06.2013.

Byggerekneskap datert 26.03.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova .

Økonomireglement for Flora kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 15.01.2014.

Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet sin uttale til Formannskapet :

Saksutgreiing

**SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 79544
RESIPIENTUNDERSØKELSE FOR FLORØ OG BRANDSØY**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 79544 Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 15.01.2014.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 817.261,34. Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr 817.261,34. Prosjektet er såleis i balanse i høve til budsjettet. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Revisjonsuttalane stadfestar taldelen i sluttrekneskapen.

Formannskapet gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker inntil kr 3.000.000,-, jfr. reglement for Flora kommune.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

Flora Formannskap
v/Ordfører
6900 Florø

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/flora/prosjektrek/2014/prosjekt79544

Arkivkode:

212M31

Journalnr.:

005/2014

Dokumentdato:

15.01.2014

**REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR
79544 RESIPIENTUNDERSØKELSE FOR FLORØ OG BRANDSØY.**

Rekneskapen for ovannemnde prosjekt nr 79544 *Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy* har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Formannskap i vurderinga av riktigheita av økonomien i prosjekt nr 79544 *Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy*.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for prosjekt nr 79544 *Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy* som viser ein totalkostnad på Kr 817 261,34. Den vedtekne budsjetttramma for prosjektet utgjør kr 817 261,34. Prosjektet er såleis gjort opp i balanse i høve budsjett.

Prosjektkomiteen har gjett si tilråding til disponering i PRKO -006/14. Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Formannskap tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-006/14.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørighet" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Formannskap sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten.

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for prosjekt nr 79544 *Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy* vil bli innstilt så snart Flora Formannskap sitt vedtak i saka er effektivt av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Flora 15.01.2014
KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg: Utskrift av rekneskap

Sluttrapport

PRKO-006/14

Førebels revisjonsuttale 06.11.2013

Kopi: Kontrollutvalet

Rådmannen

regnskapssjef Ruth S.Sunde

Controller Berit Seljeseth Osa

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no



Saksgang
Prosjektkomiteen
Prosjektkomiteen

Møtedato
11.12.2013
08.01.2014

Saksnr
039/13
006/14

Sakshandsamar:
Hanne A. Morotaie

Arkiv: K2-M41
Objekt:

Arkivsaknr
13/794

SLUTTRAPPORT PROSJEKT 79544 - RESIPIENTUNDERSØKELSE FOR FLORØ OG BRANDSØY

Kva saka gjeld:

Undersøking av marine resipientar rundt Florølandet og Brandsøy i 2008 og 2009.

Bakgrunn for resipientgranskinga var nytt avløpsregelverk og oppfølging av krav i kapittel 14 i ureiningsføreskrifta dersom antal pe er over 10 000.

Samla utslepp for Florølandet og Brandsøy inkludert prosessavløp frå industrien er over 10 000 pe. På bakgrunn av dette kjen tettstaden Florølandet og Brandsøy inn under kravet om sekundærreinsing i ureiningsføreskrifta § 14-8.

Resipientane rundt Florø er definert som mindre følsam. Dersom resipientundersøking viser at kloakkutsleppa ikkje har skadeverknad på miljøet kan ein søkje Fylkesmannen om unntak frå kravet om sekundærreinsing etter ureiningsføreskrifta § 14-8.

Utslepp i Florø/Brandsøy har i dag primærreinsing ved slamavskiljar og sil anlegg.

Målsettinga med undersøkingane var å danne grunnlag for søknad til Fylkesmannen om å behalde primærrensing for avløpet frå tettstaden Florø/Brandsøy.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

08.01.2014 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PRKO-006/14 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

Flora kommune engasjerte konsulentfirmaet Asplan Viak AS til å utarbeide tilbudsgrunnlag for resipientundersøkelse rundt Florølandet og Brandsøy. Tilbudskonkurransen vart gjennomført som ein open konkurranse med rett til forhandling.

Etter utløp av tilbudsfrist den 11.04.2008 var det kome inn tilbod frå Rådgivande Biologer AS, Det Norske Veritas og Unifob AS (Universitetet i Bergen).

Rådgivande Biologer, Det Norske Veritas og Unifob vart alle vurdert som godt kvalifisert til å gjennomføre oppdraget.

Vurdering:

Etter samanstilling av innkomne tilbod og poengsetting i henhold til tildelingskriteria gitt i tilbudsgrunnlaget hadde firmaet Rådgivande Biologer det mest fordelaktige tilbodet, og vart i prosjektkomiteen sak 012/08 den 28.05.2008 tildelt arbeidet med resipientundersøkelse rundt Florølandet og Brandsøy.

Rapport frå resipientgransking 2008-2009:

Undersøking av marine resipientar rundt Florølandet og Brandsøy skulle danne grunnlag for den vidare avløpsdisponeringa i Flora kommune, både i forhold til EUs avløpsdirektiv og EUs vann direktiv, samt dei norske føreskriftene som regulerer dette.

Målsettinga med undersøkingane var å danne grunnlag for søknad om å behalde primærrensing for avløpet frå Florø/Brandsøy.

Oppdraget vart gitt til Rådgivande Biologer AS i juni 2008. Rådgivande Biologer AS utførte grunnarbeid med rapporten i perioden juli 2008 til februar 2009. Rapporten var ferdigstilt 03.04.2009.

Tilleggsrapport:

Flora kommune presenterte rapporten frå Rådgivande Biologer AS datert 03.04.2009 for Fylkesmannen på møte 26.08.2009. Fylkesmannen kravde då at det vart gjennomført tilleggsundersøking ved det kommunale avløpet sørvest for Gunhildvågen.

Avløpsleidningen sørvest for Gunhildvågen har utslepp på 51 m djupne sør for Ausesundet. Dette utslippet har ca. 30 bustader kopla på, men den største utsleppsmengda er prosessavløpsvatn frå EWOS og Norway Pelagic.

Som ei forlenga undersøking av marine resipientar rundt Florølandet og Brandsøy i 2008 – 2009 gjennomførte Rådgivande Biologer AS ei tilleggsundersøking ved det kommunale avløpet sørvest for Gunhildvågen i januar – februar 2010. Tilleggsrapporten var ferdigstilt 14.06.2010.

Søknad vedrørande primærreinsing:

Med bakgrunn i marine resipientundersøkinga utført av Rådgivande Biologar AS utført i tidsrommet 2008 – 2010 søkte Flora kommune fylkesmannen om fritak frå kravet om sekundærreinsing den 04.07.2011.

Økonomiske konsekvensar:

Tilbudspris frå lågaste tilbydar, Rådgivande Biologer var på kr. 812.500,- inkludert meirverdiavgift.

I prosjektkomiteen sak 012/08 den 28.05.2008 vart det vedteke å finansiere kostnadane med resipientundersøkelse på kr.812 500,- inkl. mva. under prosjekt "Nye tiltak" under avløp i investeringsbudsjettet for år 2007.

Godkjent budsjett for prosjekt 79544 – Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy var på kr.817 261,34 og totalkostnad for prosjektet var på kr.817 261,34. Prosjektet er såleis gjort opp i balanse i forhold til budsjett.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
2	U	18.06.2013	Kryssrvisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Sluttrapport - Prosjekt 79544 - Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy	
3	I	06.11.2013	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonussuttale - Sluttrapport/-rekneskap for Prosjekt 79544 Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy	

Flora Kommune
Prosjektkomiteen
v/Reidulf Refsnes
6900 Florø

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/trine/flora/prosjekt/førebels79544

Arkivkode:

212M31

Journalnr.:

101/2013

Dokumentdato:

06.11.2013

**FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR
PROSJEKT 79544 RESIPIENTUNDERSØKELSE FOR FLORØ OG BRANDSØY.**

Det ligg føre sluttrekneskap for ovannemnde prosjekt for perioden 2008-2010.

Det ligg føre sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d. 18.06.2013

Saka er oversendt revisjonen for førebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 79544 resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy* som viser ein total kostnad på Kr 817 261,34. Godkjent budsjett for prosjekt nr 79544 *resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy* er på kr 817 261,34. Prosjektet er såleis gjort opp i balanse i forhold til budsjett.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag, og har ingen ytterlegare kommentarar til den sluttrekneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming, slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til rekneskapsaka. Vi viser ellers til dokument som følgjer saka.

6900 Florø den 06.11.2013

Med helsing

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Utskrift av rekneskap

Sluttrapport

Politiske vedtak i sak: prosjekt

Kopi:

Rådmannen

Økonomisjef

Prosjektleder

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Brømanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no**Hovudkontor/regionskontor for kommunane:**

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no**Regionskontor for kommunane:**

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no



FLORA
KOMMUNE

TEKNISK DRIFT OG
PROSJEKTLEIING

Kryssrvisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord
Strandgata 43

6900 FLORØ

Vår ref.
13/794-2/K2-M41//HAFL

Dykkar ref.

Dato:
Florø: 18.06.2013

**SLUTTRAPPORT - PROSJEKT 79544 -
RESIPIENTUNDERSØKELSE FOR FLORØ OG BRANDSØY**

Vedlagt følger sluttrapport og sluttrekneskap på nemnte prosjekt.

Sluttrapport og sluttrekneskap skal med Dykkar uttale vidare til politisk handsaming.

Med helsing


Reidulf Refsnes
Tenesteleiar


Hanne A. Morotaie
Sekretær

Vedlegg: Sluttrapport og sluttrekneskap.

Postadr.:
Markegata 51
6900 FLORØ

Besøksadr:
Strandgt. 43 Strandgt. 43

Telefon / faks:
57 75 60 00 57 75 60 00
/
57 75 68 70 57 75 68 70

Bankgiro:
3775 07 09002

E post:
postmottak@flora.kommune.no
Org.nr: 935 473 578 MVA

 FLORA KOMMUNE	Mal					
	Sluttrapport					
	Dok.	nr.	rev.	Godkjent dato	Godkjent	Merknader
M -	003	-01	01.01.05	(sign.)	Til godkjenning	

06/58

Prosjekt namn: Resipientundersøking Florø og Brandsøy	Nr: 79544
--	------------------

Politiske vedtak

Plan og Miljøutval/Plankomité:
Prosjektkomité: sak 012/08 den 28.05.2008
Formannskap:
Bystyre: sak 108/12 den 12.06.2012

Historikk / Ettervurderingar:

(Avvik og erfaringar i forhold til planer, framdrift, økonomi, kvalitet etc.) Ev. på eige vedlegg.

Saka gjeld:

Undersøking av marine resipientar rundt Florølandet og Brandsøy i 2008 og 2009.

Bakgrunn for resipientgranskinga er nytt avløpsregelverk og oppfølging av krav i kapittel 14 i ureiningsføreskrifta dersom antal pe er over 10 000.

Samla utslepp for Florølandet og Brandsøy inkludert prosessavløp frå industrien er over 10 000 pe. På bakgrunn av dette kjen tettstaden Florølandet og Brandsøy inn under kravet om sekundærreinsing i ureiningsføreskrifta § 14-8.

Resipientane rundt Florø er definert som mindre følsam. Dersom resipientundersøking viser at kloakkutsleppa ikkje har skadeverknad på miljøet kan ein søkje Fylkesmannen om unntak frå kravet om sekundærreinsing etter ureiningsføreskrifta § 14-8.

Utslepp i Florø/Brandsøy har i dag primærreinsing ved slamavskiljar og silanlegg.

Målsettinga med undersøkingane var å danne grunnlag for søknad til Fylkesmannen om å behalde primærreinsing for avløpet frå tettstaden Florø/Brandsøy.

Innleiing:

Flora kommune engasjerte konsulentfirmaet Asplan Viak AS til å utarbeide tilbodsgrunnlag for resipientundersøkelse rundt Florølandet og Brandsøy. Tilbodskonkurransen vart gjennomført som ein open konkurranse med rett til forhandling.

Etter utløp av tilbodsfrist den 11.04.2008 var det kome inn tilbød frå Rådgivande Biologer AS, Det Norske Veritas og Unifob AS (Universitetet i Bergen).

Rådgivande Biologer, Det Norske Veritas og Unifob vart alle vurdert som godt kvalifisert til å gjennomføre oppdraget.

Vurdering:

Etter samanstilling av innkomne tilbød og poengsetting i henhald til tildelingskriteria gitt i tilbodsgrunnlaget hadde firmaet Rådgivande Biologer det mest fordelaktige tilbødet, og vart i prosjektkomiteen sak 012/08 den 28.05.2008 tildelt arbeidet med resipientundersøkelse rundt Florølandet og Brandsøy.

Rapport frå resipientgransking 2008-2009:

Undersøking av marine resipientar rundt Florølandet og Brandsøy skulle danne grunnlag for den vidare



avløpsdisponeringa i Flora kommune, både i forhold til EUs avløpsdirektiv og EUs vann direktiv, samt dei norske føreskriftene som regulerer dette.

Målsettinga med undersøkingane var å danne grunnlag for søknad om å behalde primærrensing for avløpet frå Florø/Brandsøy.

Oppdraget vart gitt til Rådgivende Biologer AS i juni 2008. Rådgivende Biologer AS utførte grunnarbeid med rapporten i perioden juli 2008 til februar 2009. Rapporten var ferdigstilt 03.04.2009.

Tilleggsrapport:

Flora kommune presenterte rapporten frå Rådgivende Biologer AS datert 03.04.2009 for Fylkesmannen på møte 26.08.2009. Fylkesmannen kravde då at det vart gjennomført tilleggsundersøking ved det kommunale avløpet sørvest for Gunhildvågen.

Avløpsleidningen sørvest for Gunhildvågen har utslepp på 51 m djupne sør for Ausesundet. Dette utslippet har ca. 30 bustader kopla på, men den største utsleppsmengda er prosessavløpsvatn frå EWOS og Norway Pelagic.

Som ei forlenga undersøking av marine resipientar rundt Florølandet og Brandsøy i 2008 – 2009 gjennomførte Rådgivende Biologer AS ei tilleggsundersøking ved det kommunale avløpet sørvest for Gunhildvågen i januar – februar 2010. Tilleggsrapporten var ferdigstilt 14.06.2010.

Søknad vedrørende primærreinsing:

Med bakgrunn i marine resipientundersøkinga utført av Rådgivende Biologer AS utført i tidsrommet 2008 – 2010 søkte Flora kommune fylkesmannen om fritak frå kravet om sekundærreinsing den 04.07.2011.

Økonomi:

Tilbudspris frå lågaste tilbydar, Rådgivende Biologer var på kr. 812.500,- inkludert meirverdiavgift.

I prosjektkomiteen sak 012/08 den 28.05.2008 vart det vedteke å finansiere kostnadane med resipientundersøkelse på kr.812 500,- inkl. mva. under prosjekt "Nye tiltak" under avløp i investeringsbudsjettet for år 2007.

Økonomi:

Vedtatt ramme:	Kr.817 261,-	Bystyre sak
Kalkyle etter anbudsrunde:		
Eventuelt justert ramme:		Bystyre sak:
Endelige tot. Kostnader:	Kr.817 261,-	
Avvik (- +)		
Eventuell Oppfinansiering:	Kr.0,-	Bystyre sak:

Dato:	18.06.2013	Dato:	18.06.2013
Sign:		Sign:	
	Avdelingsleder		Prosjektleder

Vedlegg: Rapport – Ettervurdering/Evaluering av prosjekt.(Se egen mal M-004

13/794-1

RUKR

Byggerekneskap for: Respirantundersøking Florø og Brandsøy

Prosjekt nr. 79544

År: 2008-2012

Spesifikasjon utgifter / inntekter:

Kostnadsart:	Ar 2008	Ar 2009	Ar 2010	Til saman:	Budsjett
Utgifter:					
170 Reiseutgifter		2 067,99		2 067,99	
140 Annonse, reklame og informasjon				0,00	
230 Byggtenester				0,00	
270 Konsulenttenester	456 688,00	231 640,80	40 000,00	728 328,80	817 261
290 Interne overføringer		46 648,55	25 000,00	71 648,55	
429 MVA-vederlag anskaffelser				0,00	
